

Til:

Jan Kåre Stedje
Per Kristian Pedersen

Dok. ref.

12/809-5/K2-A10//SKSE

Dato:

04.02.2013

Gratis leksehjelp og betaling for SFO

Forskrift til opplæringslova § 1A-1 Leksehjelp i grunnskulen:

”..... Leksehjelp skal vere gratis for eleven. Dersom leksehjelpa blir organisert som ein del av skulefritidsordninga, kan kommunen ikkje ta betalt for den tida eleven mottok leksehjelp etter denne føresegna.....”

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har stilt spørsmål til Utdanningsdirektoratet om kommunane gjennom å organisere leksehjelp og SFO som heilt separate tilbod, kan oppretthalde kravet om full foreldrebetaling for SFO.

I Utdanningsdirektoratet sitt svarbrev (27.05.11) heiter det:

Svaret på dette er ja. Det er kun dersom leksehjelpen er en del av SFO at foreldrebetalingen må reduseres for å tilfredsstille kravet til at tilbudet om leksehjelp skal være gratis.

Både ved Tangen skule og Farnes skule er leksehjelp og SFO organisert som to heilt separate ordningar – i egne lokale og med eige personell. Leksehjelpa vert planlagt og tilrettelagd av skulen og inngår ikkje som ein del av SFO-tilbodet etter avslutta undervisning. Denne organiseringa har vore gjeldande heilt sidan leksehjelp vart starta opp skuleåret 2010/2011.

Betaling for SFO er to-delt (før og etter undervisning):

- Før undervisning (770,- kr/mnd)
- Etter undervisning (1310,- kr/mnd)
- Før og etter undervisning (2060,- kr/mnd)

Betaling for ”etter undervisning” er 1310,- kr/mnd (2013) uavhengig om eit barn går på leksehjelp eller ikkje.

Konklusjon:

Leksehjelp i Årdal er ikkje ein del av SFO-tilbodet. Det skal ikkje føretakast reduksjon av foreldrebetaling i SFO for å oppfylle kravet om gratis leksehjelp.

I den kommunale prislista står følgjande setning: *”Dersom leksehjelp inngår i SFO-tida, skal dette vere gratis. Avrekning skjer ein gong pr semester”.*

Setninga bør fjernast då dette ikkje er ei aktuell problemstilling i Årdal. Formuleringa kan også føre til misforståingar.

Svein Kåre Senneset
Kommunalsjef